



Tor Vidar Sæle gler seg til leiarjobben på AFA, men innrømmer at det blir utfordrande å halda oppe vegen som forgjengaren har laga.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedaling og politibetjent Tor Vidar Sæle (43) blir ny dagleg leiar for AFA etter vernepleiar og gründer Jan Frank Christiansen, som flyttar heim til Bergen til sommaren

Om spennvidda kan synest stor mellom dei to med omsyn til utdanning og yrkesbakgrunn, er den slett ikkje stor geografisk: Medan den avgåande bur på Korsnes bur den påtroppande i Kleivadalen, 500 meter unna!

- Dette er spanande. Eg gler meg til å gjera noko heilt anna, men det kan bli både lett og vanskeleg. Jan Frank har gjort ein imponerende pionerinnsats for yrkeshemma arbeidstakarar og trakka opp ein brei veg for den som kjem etter han. Det blir ein krevjande oppgåve å halda vegen ope, innrømmer Tor Vidar. Det blir ein mjuk overgang mellom dei to. Dei skal vera meir eller mindre saman i to månader til Jan Frank takkar definitivt for seg og tek avskil med dei 27 arbeidstakarane i juli.

Det var 16 søkjarar på jobben no i andre runden. Den som var ansatt i den første runden måtte trekkja seg av personlege grunnar. Då søkte ikkje Sæle, som har mykje kunnskap om AFA både fordi han er uskedeling og har ein svigerfar som er ansatt der. Hvis han ikkje skulle trivst, kan han gå attende til politiet: Har han fått permisjon i eitt år.

Sæle er frå Eikelandet, men som namnet ber bod om var faren innflyttar frå Sunnfjord. Etter ungdomsskulen gjekk Tor Vidar idrettsgymnas i Odda og var ein ivrig fotball- og volleyballspelar. Etter eitt år som hjelpearbeidar hos Eidsvik utdanna han seg i Forsvaret – ved Hærens Jegerskole. Dei siste fire av dei seks åra der var han instruktør.

Så vart det tre år på politiskulen og eitt års distriktsteneste i Odda før han kom heim. I 1993 byrja han på Kvinnherad lensmannskontor. Der har han vore sidan - med unnatak av fire UP-år over heile Vestlandet, men primært i nærområdet.

Sæle har hatt ei allsidig teneste i politiet, men har også instruert frå ein til to månader i året i operativt politiarbeid i heile fylket. Han har og vore kalla inn som instruktør for studentane på politihøgskulen.

- Men kvifor bryta over tvert og søkje seg til noko heilt anna?

- No har eg 17 år politiet bak meg og har vore med på det meste der. Hvis eg skulle prøva noko anna, burde det skje no. Eg likar nye utfordringar men samstundes vil eg ikkje flytta frå Uskedalen. Eg har hatt mykje med folk å gjera og det ynskjer eg framleis å ha. Dessutan passar det godt for meg å planleggja og gjennomføra planar og prosjekt.

Eg veit i dag for lite til å seia noko bestemt om kvar AFA bør gå vidare, men det er naturleg å utvida drifta ettersom det er behov for nye plassar. Den nye uteavdelinga er til dømes eit steg i rett lei, held den nye AFA-leiaren fram.

Jan Frank har sykla Noreg rundt og vore tre gonger på Melderskin på ein dag. Tor Vidar er truande til å gjera minst det same! Han var aktiv fotballspelar frå han var liten gut til han runda 38 og har spela både for Ullensaker/Kisa, Odda og Trio. Midtstopparen var ikkje lett å komma forbi korkje her eller der. Han sat i Trio-styret i fem år, også som leiar. Han har vore hjelpetrenar i Trio og juniortrenar i Rosendal/Uskedal. No er han medlem av fjellsportgruppa i Kvinnherad og turgruppa i Uskedalen.

Han har også engasjert seg yrkesfagleg, som styremedlem i 10 år i Politiforbundet i Hordaland. Akkurat no står han på ei av dei berømte Høgrelistene i Kvinnherad utan at han ynskjer å seia eitt ord om tilstanden i partiet.

- Eg har lett for å engasjere meg, seier Tor Vidar.

Han er typisk uskedeling også med omsyn til trimnivå: Han trener fire-fem gonger i veka og hovudruta hans går pr. sykkel til Fjellandsbø og så i springmarsj opp på Leiteshaugane.

Sist søndag var han oppom toppane både på Englafjell, Manen og Mjelkehaug.

- Kven var du då saman med?

- Ingen, det var ikkje nokon andre som orka!

Av Ola Matti Mathisen